

– No kan me gjera det me har planlagt

Takk vera løyvinga på 350 000 friske kroner frå Sparebanken Vest, ser prosjektleiinga for DyrkSmart positivt på framdrifta for å effektivisera og auka produksjonen av frukt i Hardanger - og bidra til optimisme og rekruttering i næringa.

METTE BLEKEN
mette@hardanger-folkeblad.no

Sist veke kalla dei inn til pressekonferanse for å markera den glade bodskapen og gje informasjon om status quo for det treårige prosjektet som skal gje kickstart for nye dyrkingsmetodar og vonleg skape optimisme i næringa – både for dei som allereie er i gang og dei som vurderer å ta til – eller over. Meir og betre frukt er eitt av slagorda.

– Me har ambisjon om å vera drivkraft i nærings- og samfunnsutvikling i regionen, sa regionbanksjef Tom Rasmussen som forklaring på kvifor banken gav DyrkSmart si største løyving i denne regionen i år.

Han opna for at det kan koma fleire bankkroner til satsinga.

– Mange næringsprosjekt er

DYRKSMART

3-årig prosjekt i regi av Hardanger Fjordfrukt og Ullensvang Fruktlager. Kostnadsrøme 4 millionar. (Mellom bidragsutarane er Hordaland fylke 1 mill, Innovasjon Noreg 500 000 kr, Hordaland fylkeskommune 300 000 kr, Sparebanken Vest 350 000 kr).

innovasjon og satsing på å skapa nytt. Dette prosjektet er tufta på eksisterande næring og har stort potensial til å lukkast, sa han.

– DyrkSmart har den gode posisjonen at det ikkje vert produsert nok – i motsetnad til andre som kjempar for å komme inn på ein marknad.

Rasmussen ser for seg at banken også kan bidra med kompetanse på ulike felt.

– DyrkSmart er eit smart prosjekt, som også kan vera med å skapa nytt på tvers. Dessutan er det eit godt tiltak for å utvikla noko av det me skal leva av i Hardanger i åra som kjem, sa han.

Prosjektleiinga er i gang med gardsbesøk for å sjå på areal og driftsplanar.

Prosjektleiar Sjur Ove Svartveit og co er optimistar for frukt-næringa og seier vilkåra ikkje har vore betre sidan stordomstida etter sist verdskrig.

DyrkSmart har fått i gang



FRUKTNÆRING PÅ VEG OPP. Gode medspelarar som regionbanksjef Tom Rasmussen i Sparebanken Vest (t.v.), gir grunn til optimisme for DyrkSmart-prosjektet: Sjur Ove Svartveit, Jørund Kvestad, Torleiv NÅ Helle og Jan Ove Nes.

grunnkurs på Hjeltnes med over 30 studentar og ei opning for å auka stonadsramma frå Innovasjon Noreg (tidlegare BU-midlar) frå 20 til 30 prosent. Vilje til nyplanting har auka som følge av prosjektet, trur prosjektleiinga.

300 nye dekar er allereie under planlegging.

Det er store kostnader med å etablere nye fruktfelt. Eplefelt kostar 70 000 per dekar, 170 000 for morell. Fortenesta kjem ikkje for etter fem-seks år.

Frå pessimisme, kurvar som peika ned og spørsmål om ein skulle halda fram med fruktproduksjon i Noreg, har dei siste ti åra gitt betre prisar og grunn til optimisme. Det er kamp om produkta.

120
AR

Opplev mye på få dager
NÅ FÅR DU 2 UTFLUKTER TIL HALV PRIS!

Vi fyller 120 år og feirer med unike tilbudspakker på korte turer. Velg mellom tre unike opplevelsespakker og få to utflukter til halv pris inkludert. Nyt eventyrlige dager om bord kombinert med fart og spenning.

Opplevelsespakkene må bestilles på telefon 810 30 000 eller hos ditt reisbyrå.

*Pris pr. pers. i uspes. innv. dobbellugar inkl. to utflukter og frokost i perioden 20.07 - 14.09.13. Tilbudet kan kun kjøpes ved forhåndsbestilling og kan ikke kjøpes om bord. Med forbehold om ledig kapasitet på utfluktene.

BERGEN–TROMSØ, 4 DAGER MED UTFLUKTENE RIB-SAFARI OG LIVLIGE TROMSØ

Få en smakebit av kysten vår, opplev fjorder, Lofoten og Nordens Paris og noen uforglemmelige dager om bord. Inkludert i pakken er en fartsfylt RIB-safari til Saltstraumen og en opplevelsesstur i livlige Tromsø.

NÅ FRA 6 705,-*

Bestill før 1. juli 2013

TROMSØ–KIRKENES–TROMSØ 4 DAGER MED ATV-SAFARI OG MIDNATTSKONSERT

Nord for Polarsirkelen får du med deg Nordkapp og magiske Finnmark og spennende utflukter. Inkl. i pakken tar vi deg med på en fartsfylt ATV-safari til den russiske grense og en stemningsfylt midnattskonsert i Tromsø.

NÅ FRA 5 935,-*

Bestill før 1. juli 2013

TROMSØ–BERGEN, 4 DAGER MED HAVØRNSAFARI OG ATLANTERHAVSVEIEN

Nyt livlige Tromsø før avgang, og foran deg har du Lofoten og storslagen kyst. I pakken er det inkludert et spennende møte med havørnen til Trollfjorden og "Århundredes byggverk" – den fascinerende Atlanterhavsveien.

NÅ FRA 7 153,-*

Bestill før 1. juli 2013

HURTIGRUTEN